



STORTINGET

Innst. 391 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget
frå utenriks- og forsvarskomiteen

Dokument 8:146 S (2024–2025)

Innstilling frå utanriks- og forsvarskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Grunde Almeland og Ola Elvestuen om å suspendere norsk bistand til Rwanda som følgje av deira rolle i konflikten i Den demokratiske republikken Kongo

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet blir det fremja følgjande forslag:

- Stortinget ber regjeringa umiddelbart suspendere all norsk bistand til Rwanda inntil landet avsluttar si støtte til opprørsgruppa M23 og trekkjer sine militære styrkar ut av Den demokratiske republikken Kongo (DRC).
- Stortinget ber regjeringa arbeide aktivt i internasjonale forum og med fredsarbeid for å fremje ei fredelig løysing på konflikten i Den demokratiske republikken Kongo (DRC) og for å sikre at alle partar respekterer menneskerettane.»

Ein viser til dokumentet for ei nærare utgreiing om forslaget.

Dokumenta i saka er tilgjengelege på sakssida på stortinget.no.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Even Eriksen, Nils-Ole Foshaug, Steinar Krogstad og Trine Lise Sundnes, frå Høgre, Hårek Elvenes, Ingjerd Schie Schou, Erna Solberg og leiaren Ine Eriksen Søreide, frå Senterpartiet, Bengt Fasteraune, Ola Borten Moe og Trygve Slagsvold Vedum, frå Framstegspartiet, Sylvi Listhaug og Morten Wold, frå Sosialistisk Venstreparti, Ingrid Fiskaa, frå Raudt, Bjørnar Moxnes, frå Venstre, Guri Melby, frå Kristeleg Folkeparti, Dag-Inge Ulstein, og uavhengig representant Christian Tybring-Gjedde, deler forslagsstillarane sin uro over den svært alvorlege situasjonen i dei austlege delane av Den demokratiske republikken Kongo. Valden som opprørsgruppa M23 står bak, er opphav til meir liding for ei allereie hardt råka sivilbefolkning i området. Komiteen merkar seg at Tryggingrådet i FN har slått fast at Rwandas militære kontrollerer og styrer M23 sine militære operasjonar, og at Rwanda med det har eit ansvar for M23 sine overgrep og ulovlege handlingar.

Vidare merkar komiteen seg at Noreg gav 21,3 mill. kroner i øyremerkt hjelp til Rwanda i 2024, og at det er planlagt å gi 24,6 mill. kroner i 2025.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, syner til regjeringa si vurdering av forslaget og at omfanget av Noreg si hjelp ikkje er av ein slik art eller eit slikt omfang at ein kan forvente at ein eventuell suspensjon vil ha vesentleg innverknad

på politikktutforminga i Kigali, men at ein suspensjon fyrst og fremst vil råke prosjekt for utsette grupper.

Komiteen merkar seg at Storbritannia, Tyskland og Canada til no har vedteke å fryse deler av sin bistand til Rwanda, og at regjeringa fortløpande vurderer om suspensjon er betre eigna til å bidra til oppnåing av norske målsetjingar enn ei vidareføring av bistandssamarbeidet.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, deler denne vurderinga.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet støtter forslagsstillernes første forslag på bakgrunn av Fremskrittspartiets prinsipielle ønske om å kutte i bistandsbudsjettet.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Raudt er svært bekymra for krigen og dei store sivile lidningane aust i Kongo og deler forslagsstillarane sitt ynskje om å setje konflikten på dagsordenen. Noreg bør gjere alt me kan for å stoppe krigen og auke den humanitære støtta. Desse medlemene støttar derfor forslaget om at Noreg skal arbeide aktivt i internasjonale fora og med fredsarbeid for å fremje ei fredeleg løysing på konflikten i Den demokratiske republikken Kongo (DRC) og for å sikre at alle partar respekterer menneskerettane.

Det er ingen tvil om at Rwanda støttar opp om M23, og medlemen i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti har derfor fremja forslag i Stortinget om at Noreg bør ta initiativ til ein internasjonal våpenembargo mot Rwanda. Denne medlemen meiner samtidig at bistandskutt ikkje vil svekkje rwandiske styresmakter og deira involvering i den kongolesiske krigen. Som statsråden peikar på i svarbrevet sitt, vil eit bistandskutt fyrst og fremst ramme allereie marginaliserte grupper. Denne medlemen viser også til at norsk bistand går til rwandisk sivilsamfunn via norske organisasjonar. Sivilsamfunnet er avgjerande for å halde rwandiske styresmakter ansvarlege når det gjeld menneskerettar og folkerett. Noreg bør derfor heller styrkje enn svekkje støtta til det rwandiske sivilsamfunnet.

Medlemen i komiteen frå Venstre er svært uroa over situasjonen i Aust-Kongo. Opprørsgruppa M23, som i praksis fungerer som ein stadfortredar for Rwanda, har gjennomført valdelege overgrep og teke territoriell kontroll over store delar av Aust-Kongo. Dette har hatt enorme humanitære konsekvensar og ført til at tusenvis har mista livet og hundretusenvis har vorte drivne frå heimane sine.

Etter denne medlemen sitt syn er det slåande likskapsteikn mellom, på den eine sida, overgrepa og dei ulovlege handlingane som Rwanda står bak i Aust-Kongo gjennom sin stadfortredar M23, og på den andre sida Russlands overgrep og ulovlege handlingar i Aust-Ukraina frå og med 2014. Det er viktig å forsvare folkeretten, uavhengig av kven som bryt han, og kvar det skjer.

Denne medlemen viser til at sidan det aktuelle representantforslaget vart fremja, har det kome fleire initiativ til ei fredeleg løysing. Den 18. mars 2025 oppmoda den kongolesiske presidenten Félix Tshisekedi og Rwandas president Paul Kagame til ei umiddelbar våpenkvile. Den 23. april 2025 vart Den demokratiske republikken Kongo og M23 einige om ein mellombels stopp i krigshandlingane. Den 25. april 2025 signerte DR Kongo og Rwanda ein avtale om å respektere kvarandre sin suverenitet og å bli einige om eit utkast til fredsavtale. Trass i denne utviklinga har krigshandlingane halde fram i provinsen Sør-Kivu. DR Kongo og Rwanda skal, etter denne medlemen kjenner til, òg ha kome med forslag til fredsavtale. I alle tilfelle er det klart at vi har å gjere med ein konflikt som er i utvikling. Dette understrekar, etter denne medlemen sitt syn, behovet for å leggje press på aggressoren i konflikten for å stanse dei ulovlege handlingane. Samstundes understrekar naturlegvis dynamikken i konflikten behovet for at regjeringa viser skjøn når det kjem til tidspunktet og form for eit slik press.

Medlemene i komiteen frå Framstegspartiet og Venstre fremjar følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa vurdere å suspendere all norsk bistand til Rwanda inntil landet avsluttar si støtte til opprørsgruppa M23 og trekkjer sine militære styrkar ut av Den demokratiske republikken Kongo.»

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Venstre fremjar følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa arbeide aktivt i internasjonale fora og med fredsarbeid for å fremje ei fredeleg løysing på konflikten i Den demokratiske republikken Kongo (DRC) og for å sikre at alle partar respekterer menneskerettane.»

Medlemen i komiteen frå Venstre viser vidare til dokumentet «Rådets gjennomføringsavgjerd (FUSP) 2025/510 av 17. mars 2025 om gjennomføring av avgjerd 2010/788/FUSP om restriktive tiltak på bakgrunn av situasjonen i Den demokratiske republikken Kongo», som skildrar EUs listeføring av ni individ knytte til M23 og éi organisasjon knytt til den væpna konflikten i Aust-Kongo. Denne medlemen meiner det

er rett av Noreg å støtte det europeiske presset mot Rwanda og M23 for å stanse deira ulovlege handlingar, og fremjar på denne bakgrunnen følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa slutte seg til EUs sanksjonar knytte til situasjonen i Den demokratiske republikken Kongo, vedtekne 17. mars 2025.»

Forslag frå mindretal

Forslag frå Framstegspartiet og Venstre:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa vurdere å suspendere all norsk bistand til Rwanda inntil landet avsluttar si støtte til opprørsgruppa M23 og trekkjer sine militære styrkar ut av Den demokratiske republikken Kongo.

Forslag frå Sosialistisk Venstreparti og Venstre:

Forslag 2

Stortinget ber regjeringa arbeide aktivt i internasjonale fora og med fredsarbeid for å fremje ei fredeleg løysing på konflikten i Den demokratiske republikken Kongo (DRC) og for å sikre at alle partar respekterer menneskerettane.

Forslag frå Venstre:

Forslag 3

Stortinget ber regjeringa slutte seg til EUs sanksjonar knytte til situasjonen i Den demokratiske republikken Kongo, vedtekne 17. mars 2025.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Kristeleg Folkeparti og uavhengig representant Christian Tybring-Gjedde.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til dokumentet og til det som står ovanfor, og rår Stortinget til å gjere følgjande

v e d t a k :

Dokument 8:146 S (2024–2025) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Grunde Almeland og Ola Elvestuen om å suspendere norsk bistand til Rwanda som følgje av deira rolle i konflikten i Den demokratiske republikken Kongo – vert ikkje vedteke.

Oslo, i utanriks- og forsvarskomiteen, den 20. mai 2025

Ine Eriksen Søreide

leiar og ordførar



Ine Eriksen Søreide, leder
Utenriks- og forsvarskomiteen
Stortinget

Oslo 23.04.25

*Departementets svar på anmodning om uttalelse til dokument 8:146 S (2024-2025)
representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Grunde
Almeland og Ola Elvestuen om å suspendere norsk bistand til Rwanda som følgje av deira
rolle i konflikten i Den demokratiske republikken Kongo.*

Regjeringa er djupt bekymra over opptrappinga i konflikten i Aust-Kongo og lidningane som sivilbefolkninga blir utsett for som følgje av kamphandlingane. Vi er òg bekymra for at konflikten skal eskalera ytterlegare til ein regional konflikt. Det pågår viktig arbeid i regionen for å få partene tilbake til forhandlingsbordet. Både East African Community (EAC), Southern African Development Community (SADC) og Den afrikanske unionen er involvert i dette arbeidet. Noreg støttar opp om dei afrikanske fredsprosessane.

Det er eit hovudanliggande for regjeringa å forsvara folkeretten same kven som bryt han. Derfor har Noreg vore tydeleg i fordøminga si av M23s offensivar og Rwandas støtte til M23. Vi har understreka at DR Kongos suverenitet og territoriale integritet må respekterast, og at rwandiske soldatar på kongolesisk jord er eit brot på FN-pakta. Vi bruker dei arenaene vi har, både internasjonalt og i bilaterale møte med Rwanda, for å fremja denne bodskapen. Noreg har slutta seg til listeføringar i EUs restriktive tiltak mot personar og entitetar som bidreg til konflikten i DR Kongo. Listeføringane omfattar m.a. sentrale medlemmer av M23 og Rwanda Defence Force.

Frys av bistandssamarbeidet er noko som vi, til liks med andre likesinna land, vurderer fortløpande. Så langt har Storbritannia, Tyskland og Canada vedteke å frysa delar av bistanden sin.

For Noregs vedkommande er bistandssamarbeidet med Rwanda svært avgrensa. Det vart i 2024 utbetalt 21,3 millionar kroner i øymerkt hjelp til Rwanda. Mesteparten av denne støtta gjekk til helse, utdanning og styrket regeltetterleving på skattefeltet. For 2025 er det planlagt innsats for 24,6 millionar kroner, til institusjonssamarbeid innanfor helse, utdanning og skattesamarbeid, samt til innsats for å styrkja kvinners stilling. Støtta blir kanalisert gjennom følgjande norske aktørar: Universiteta i Agder og Bergen, NLA-Høgskulen, Skatteetaten, Norsk Sykepleierforbund og CARE.

Ein vesentleg del av den begrensa norske bistanden går til helse og utdanning, og ein suspensjon av bistanden vil difor ikkje råke dei ein ønskjer å treffe med eit slikt tiltak. I staden må ein forvente at ein bistandssuspensjon vil kunne gå utover vanskelegstilte enkeltmenneske som ikkje ber ansvar for rwandiske folkerettsbrot i Aust-Kongo. Den grunnleggjande haldninga til regjeringa er at vi ønskjer å halda dialog og kontakt gåande, sjølv når valdelege

konflikter oppstår. Omfanget av vår bistand er heller ikkje av ein slik art at ein kan forvente at ein eventuell suspensjon vil ha vesentleg innverknad på politikktutforminga i Kigali. For at ein norsk bistandssuspensjon best skal kunne bidra til ønskt effekt, vil det truleg vere hensiktsmessig om suspensjonen inngår i ein meir koordinert og heilskapleg respons frå det internasjonale samfunnet. Spørsmålet om bistandssuspensjon er likevel noko regjeringa vurderer fortløpande, og regjeringa vil modifisere tilnærminga dersom ei heilskapsvurdering tilseier at ein suspensjon er betre eigna til å bidra til oppnåing av norske målsetjingar enn ei vidareføring av bistandssamarbeidet.

Bakgrunn - andre lands reduksjon i bistand til Rwanda

- I påvente av betydelig forbedring («significant progress») i situasjonen i Øst-Kongo, besluttet **UK** 25. februar i år, som et av flere tiltak, å suspendere direkte bilateral bistand til den rwandiske regjeringen, med unntak av bistand til de fattigste og mest utsatte.
- **Canadas** regjering kunngjorde 3. mars at kanadisk støtte til næringsutviklingsaktiviteter i privat sektor, herunder handelsdelegasjoner, suspenderes. Canada har også suspendert nye stat-til-stat forretningsaktiviteter med Rwanda.
- **Tyskland** kunngjorde 4. mars at regjeringen setter nye økonomiske forpliktelser på vent og gjennomgår det bilaterale utviklingssamarbeidet med Rwanda.
- Det kan også nevnes at den rwandiske regjeringen 18. februar suspenderte bistandssamarbeidet med **Belgia**. Dette skjedde før Belgia fikk høve til å redusere sin støtte til Rwanda.

Med vennlig hilsen,



Åsmund Aukrust

